

Ros til fotballgutta

18.07.2014

Jentelaget i Trio rosar fotballgruppa i UIL ved Odd Steinar Arnesen og Steinar Haugland for god service. For å vera best mogeleg førebudd for Dana Cup neste veke hadde dei ynskje om nokre runder på naturgras, men bana på Husnes var stengt

Difor kontakta dei Uskedalen med spørsmål om å få trenar på Heio før avreise til Danmark. Dei fekk straks ja til det og kunne innta ein nyslått og flott grasbane. Spelarar og støtteapparat er svært takksame for godviljen, seier Per Einar Gjerding.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen